

## **Sak 36-20 Referatsaker**

Tilråding til vedtak

Styret tar referatsakene til orientering

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:


Melding frå Brønnøysundregistrene datert 17 juni 2020.

Brev av 25.06.20 frå FM i Møre og Romsdal vedkomande handsaming av Løyvesøknad.

Petter Bjørdal  
Dagleg leiar



# Brønnøysundregistrene

 VØR MÅLING PÅ F	
17 JUN 2020	
ARK.NR.	J.NR. 25201

Kundenr : 1299499  
VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS  
Torvmyrane 29  
6160 HOVDEBYGDA

15.06.2020

## Meldinga er ikkje godkjend

Den 12.06.2020 fekk Føretaksregisteret meldinga som ligg ved for

**VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS**  
organisasjonsnummer 984 068 085

For at vi skal kunne vurdere meldinga på nytt, må du

### 1. melde nytt styre

Kjønnsrepresentasjon for varamedlemene er ikke oppfylt. Har styret fire varamedlem, skal kvart kjønn vere representert med to.

Styret i interkommunale selskap må oppfylle krava om kjønnsrepresentasjon. Dette inneber at begge kjønn skal vere representerte på følgjande måte:

- Dersom styret har to eller tre medlemmer, skal begge kjønn vere representerte
- Dersom styret har fire eller fem medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst to
- Dersom styret har seks til åtte medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst tre
- Dersom styret har ni medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst fire
- Dersom styret har fleire enn ni medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med 40 prosent

Reglane for representasjon av kjønn gjeld også ved val av varamedlemmer. Vi gjer merksam på at styremedlemene og varamedlemene blir vurderte kvar for seg.

Dersom det skal det vere representantar frå dei tilsette i styret, gjeld eigne reglar for kjønnsrepresentasjon.

Treng du meir informasjon, sjå lov om interkommunale selskap § 10.

---

#### Brønnøysundregistra

Postadresse: Postboks 900, 8910 Brønnøysund  
Telefonar: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05  
E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no  
Organisasjonsnummer: 974 760 673

## 2. protokoll frå representantskapsmøte

Protokollen må vise val av styreleiar, nestleiar, styremedlemer og eventuelle varamedlemer, jf. føretaksregisterlova § 4-4.

*Med helsing*

**BRØNNØYSUNDREGISTRA - Føretaksregisteret**

Øyvind Vågan  
underdirektør

Lisbeth Fuglstad  
saksbehandlar

*Vedlegg: Informasjon om klage*



VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS  
Torvmyrane 29  
6160 HOVDEBYGDA

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Gunnhild Liva Austvoll, 71 25 85 12

## Orientering om Fylkesmannen si saksbehandling og førehandsvarsel om gebyr for saksbehandlinga

---

**Vi har gått gjennom søknaden dykkar om utsleppsløyve for biogassanlegg og ser at vi har fått tilstrekkeleg informasjon til å begynne saksbehandlinga.**

**Vi varslar at saka førebels er plassert under gebyrsats 5 som svarar til eit gebyr på kr 66 600 for saksbehandlinga.**

---

Fylkesmannen har mottatt søknad datert 20.05.20 om løyve til verksemd etter forureiningslova. Dykk søker om å utsleppsløyve for biogass anlegg på Melsgjerdet i Ørsta kommune.

Vi har gjennomgått søknaden og ser at vi har fått tilstrekkeleg informasjon til å begynne saksbehandlinga.

Saksbehandlar er: Gunnhild Liva Austvoll


### Forventa saksbehandlingstid

Før vi kan gi løyve, må vi sende førehandsvarsel til partane i saka, offentlege myndigheiter mm. I førehandsvarselet vil det bli gitt informasjon om kva saka gjeld, og det blir gitt moglegheit til å uttale seg om saka før vedtaket blir fatta. Saka vil bli sendt på "høyring". Det betyr at ålmenta blir varsla ved at søknaden blir kunngjort på fylkesmannen.no/mr og i dei mest leste lokalavisa, dykk har foreslege Mørenytt og Avisa Møre.

Vedlagt ligg ei oversikt som viser saksgangen ved søknad om løyve etter forureiningslova. Denne viser korleis saka vil bli behandla vidare. Normal saksbehandlingstid er 4-6 månader. Vi reknar med å bruke 5 månadar på behandlinga.



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

 Volda og Ørsta Reinholdnings IKS	
25 JUN 2020	
ARK.NR.	J.NR. 25213

## Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS søkar om løyve til Biogassanlegg på Melsgjerdet i Ørsta kommune

Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS (VØR) søker om løyve etter forureiningslova til å etablere biogassanlegg på Melsgjerdet industriområde. Det er søkt om å få etablere anlegget på gardsnummer. 44 og 45, bruksnummer 22, 23 og 10,11, 12. Biogass anlegget ønskes etablert i samanheng med anlegget for ordinært avfall og hageavfall, jf. løyve av 2017, endra i 2019.

Det søkjast om å nytte matavfall, husdyrgjødsel og slam i produksjonen av biogass. Det skal nyttast tørka flis til energiproduksjon i anlegget. Det søkjast om ein produksjon av 4 000 000 Nm<sup>3</sup>/år biogass, 20 000 m<sup>3</sup>/år av biorest som blautgjødsel og 10 000 tonn/år som tørr biorest.

Søknadsdokumenta er lagt ut hjå Ørsta kommune. Dei kan også lesast på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si heimeside, [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr), under «Høyringar».

Vi ber om at eventuelle merknadar blir sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, postboks 2520, 6404 Molde eller [fmmrpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmmrpostmottak@fylkesmannen.no) før xx.xx.xxxx. (4 veker fram i tid, eller lenger ved ferietid eller liknande – dato blir sett inn når kunngjeringa blir sendt ut).



## Kunngjering

Vedlagt sender vi utkast til kunngjering for kommentar før den blir sendt til pressa. Saka skal kunngjerast i minst ei lokalavis. Dykk har foreslått at kunngjeringa skjer i Mørenytt og Avisa Møre. Frist for tilbakemelding er to veker frå dette brevet er mottatt. Vi gjer dykk merksame på at alle søknadsdokument normalt blir sendt ut til offentleg innsyn. Utgiftene til slik kunngjering skal betalast av søkaren jf. forureiningsforskrifta § 36-8.

## Førehandsvarsel om gebyr for saksbehandlninga

Verksemda skal betale eit gebyr for vår behandling av søknaden (jf. forureiningsforskrifta kapittel 39-3). Ut frå opplysningane som er gitt i søknaden, har vi foreløpig plassert saka i gebyrsats 5, jf. § 39-4. Saksbehandlingsgebyret i sats 5 er kr 66 600. Grunnlaget for val av gebyrsats er forventa ressursbruk hos Fylkesmannen i samband med behandling av søknaden. Vi gjer merksam på at vi kan endre gebyrsats dersom saksbehandlninga fører til ein anna ressursbruk enn forventa. Vi fattar endeleg vedtak om gebyrsats og ettersender faktura når saka er ferdig behandla. Merknader til dette førehandsvarselet kan sendast til oss innan to verker etter at det er mottatt.

Reglane om innkrevjing av gebyr til statskassa for Fylkesmannen sitt arbeid med løyve og kontrollar står i forureiningsforskrifta kapittel 39 og kan lesast på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no).

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Gunnhild Liva Austvoll  
Senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Forslag til kunngjering
- 2 Saksgang ved søknad om løyve etter forureiningslova

# Saksgang ved søknad om løyve etter forureiningslova

